

Notat

Frå: Fylkesdirektør for næring og kultur

Til: Hovudutval for næring og kultur

Deltaking i EU-prosjektet «Rural focused European creative and cultural cooperation project (SPARSE)», HNK-sak 68/16, statusrapport juni 2017

Fylkesdirektøren viser til vedtak i HNK-sak 68/16 om deltaking i EU-prosjektet «Rural focused European creative and cultural cooperation project», og orienteringsnotat til utvalet i møte 22.11.2016.

Status for prosjektet i juni 2017 er:

- Prosjektet har fått tittelen «SPARSE» (Supporting and Promoting Arts in Rural Settlements in Europe).
- Søknad om støtte til prosjektet vart sendt 23.11.16.
- Søknaden vart 24.05.17 avslegen med ei fyldig grunngjeving.
 - Grunngjevinga etterlyser m.a. konkretisering av prosjektet på nokre felt og ein betre balanse mellom partnarane
 - Grunngjevinga vart vurdert av alle deltakarlanda. Det vert arbeidd for å sende ny søknad som kjem i møte tilbakemeldingane.
- Ny søknad vert sendt i november 2017, og svar på søknaden er venta våren 2018.

I mellomtida går kontakt og utveksling av kultur som eit eige prosjekt utanom EU-prosjektet. Nettverksmøta utvekslar produksjonar som høver for dei ulike landa. Sogn og Fjordane har presentert produksjonen SUNNIVA NO, initiert og utvikla av Gro Marie Svidal. Premieren er på Førdefestivalen 2017 og framsyninga skal turnere i DKS for vgs. våren 2018. Målet er at SUNNIVA NO skal turnere i m.a. England og andre av deltakarlanda. Produksjonen har fått plass på teaterfestivalen «Showbox» i Oslo november 2017, og det vert arbeidd for å legge eit nettverksmøte i prosjektet til festivalen med visning av produksjonen.

I juni 2017 vert det nettverksmøte knytt til «Trayectos», ein internasjonale festival for moderne dans i Zaragoza, Spania. I tillegg til nettverksmøte vert det her vurdering av framsyningar som kan høve for DKS i grunnskule og vidaregåande skule i Sogn og Fjordane.

Sjølv om EU-prosjektet vi i utgangspunktet sa ja til å bidra til, enno ikkje har fått midlar, ser vi at den kontakten som er etablert gir verdifulle innspel til vårt eige formidlingsarbeid i Sogn og Fjordane, samstundes som vi også kan bidra til å formidle eigne produksjonar ut til ein større marknad. Slik sett har vi – i småskala rett nok – fått til ei begynnande kulturutveksling i praksis.